

Mykje tømmer på Børnes.

16.09.2015



Tømmer vert lasta i Ospelunden.

I går var tømmerbil på plass i Ospelunden og lasta opp tømmeret som er teke ut der dei siste vekene. Det er Iver Blokkum som har stått for fellingja, og det er tatt ut for å gje plass nye hus i det stadig veksande byggjefeltet. Frå Ospelunden vart tømmeret transportert til Børnes kai der det fekk selskap av store mengder skurtømmer.

Det var Austevik Transport frå Eikelandsosen med sjåfør frå Sandvoll som stod for transporten, og han kunne fortelja at det no ligg rundt 1200 kubikk med skurtømmer på Børnes kai. Tømmeret går no vidare til Tyskland med båt for saging og vidare handsaming.

Han fortel at det har vore teke ut bra mykje tømmer i Kvinnherad og nemner særleg Røyrvikjo og Halsnøy som stader der det har vore stor aktivitet. I Herøysundet er det også teke ut ein del. Noko av tømmeret er teke ut på grunn av at stormen Nina gjorde stor skade på skogen einskilde stader.



No ligg det om lag 1200 kubikk tømmer på Børnes.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland